Førsteblad

1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 23

Fylke: Telemark

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Mo

Emne: Bordskikk til kvardag.

Bygdelag: Skafså

Oppskr. av: P. O. Bergland

Gard: Bergland

(adresse): Åmdalsverk

G.nr. 63 Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Etter far f. 1833 og Vetle Bekkerhus f. 1841.

SVAR

1. Dei sat ved bordet eller helst ved skiva og åt. Kjökenet eller daglegstoga som dei gamle sa var allstött gjord stor so der laga dei maten og der åt dei både til kvardags, helg og högtid alle husens folk.

2. Både husbond tenarar og huslyd åt ved same bordet og på same tid.

3. Alle et i daglegstoga (kjöket) på same tid, tenarane samstundes med husbondsfolket.

4. Husbondsfolk og tenarar får same mat, so er det, og so har det vore so langt segn går.

5. Som för sagt er daglegstoga både kjöken og matstove og der et alle til kvar dag.

6. Sjå svar på 3 og 5.

7. Plassane ved bordet var på some stader faste men på dei fleste kunde dei skifte, og slik

5796

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
5796

er det no og. Nokon serskild plassering var det ikkje. Det var ingen rang-skilnad; og soleis er det den dag i dag.

8. Når borni var i 6–9 års alderen var det mykje å stå ved bordet, og det er vel ikkje heilt av bruk enno, men mykje mindre enn før.

9. Högsätet er heilt burte her i bygdi og har so vore lenge. Dei gamle tala om å sitja i högsätet; men det vart ikkje brukt i siste manns-alderen.

10. Nokon heidersplass vert ikkje brukt her. Er det ein finare gjest set dei han kanskje der dei trur han sit best t. d. i sofaen; men for det meste vert alle sett likt.

11. Hadde dei ureint arbeid, vaska dei hendene; men elles var det sjeldan. Det er fyrst i den aller siste tid dette har kome i bruk, og truleg ikkje til kvart mål no heller. Luva har folk bruka å taka av seg ved bordet i lange tider. Kva tid dei byrja med det kan ikkje seiast visst. Det har truleg vore bruk og skikk i fleire hundra år.

12. Var det graut eller soll åt alle av same fatet. Grauten åt dei helst or gryta. Mjolkekoppen var sams til grauten og til alle mål som

5796
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

mjolk vart brūka. Her seiv me mjåkk-koppen. Some brūka mjolkekopp av tre. Slike blei mykje kalla mjåkk-boddi, būndi form: mjåkkbodden. Some duppa graūtbiten å mjolki, men dei fleste ikkje. No har kvar sin grautetalerk og kvar sin mjolkekopp og skeii vert brūka til båe slagi.

13. Gryta sette dei på bordet med ei fjøl ūnder: grytefjöli. Steikepanna sette dei ogso på ei fjøl: pannefjöli. Tilfellige framande fekk helst noko betre mat og vart sessa ūti kammerset.

14. Til flatbraū brūka dei helst smör og kjellarost, gamalost. Dei laga ein passa stor bite la braūet 3-4 dubbelt, hadde litt smör inni biten og åt han frå ende. Osten tok dei attåt. Spikekjöt brūkte dei ogso att-til braū. Flatbraū heiter her berre braū. Stomp og kake heiter: brö. Her bli sagt bite, braūbite. Smör og braū vart för brūke om morgonen, og trūleg er det dette som har give fyrste målet om dagen nåmnet: bitåe. Han sat og åt bit-åe vart ofte sagt når dei var tidleg ūte om morgonen for å treffa gramen.

15. Det vart ikkje bisna på om dei tok sūkkerbiten i mūnnen med dei drakk kaffi.

16. Var kaffien heit, drakk dei

5796

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

5796

dei allstött av skåli. Ingen la merke til det.

17. Kva tid gaffelen kom i bruk er vandt å seia. Til kvar dag er det vel 50 år eller vel so sidan gaffelen var i ålment bruk. Eg lugsar at vi åt utan gaffel.

18. Det kan ingen hugsa at tolle-kniven vart brúka til å eta med heimeleg ved bordet. På reisor og i heii vert han nok brúka av og til enno. Alle hadde bordknivar.

19. Skeiene var laga av tre, helst björk. Some hadde si serskilde skei; men dei fleste skifte. Det er lenge sidan dei byrja vaska skeiene.

20. Steintøy vart brúka mykje i slútten av fyrre hundra-året. Dei brúka fyrst store fat til grauten. som Dei åt alle av same grautfatet. Ved århundra-skiftet vart det meir brúkt tallerkar, helst djúpe til graut.

21. Bord-dúk til kvar dag vart ikkje brúkt og vert ikkje brúkt no heller. Kan henda brúkar some ein voks-dúk.

22. Helst måla eller no f. t. lakkera.

23. I gamle dagar vart tilesla mat d. v. s. visst til kvar mann; men det er lenge sia gått av brúk. Noko rekkefylgje triv eg snautt vart brúkt. Dele ut eller esle út maten. Kvinn-onne fekk kanskje litt mindre.

27. Det var helst smör og braú, lompe

5796

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

4

lefse og slikt som vart tiletla kvar.
Middagsmat og graut kunde alle
forsyne seg av som dei vilde.

25. Mennene fekk som regel noko meir enn kvinnone avdi dei siste trong mindre.

26. Dette kan ikkje svarast noko visst på avdi det kjem so mykje an på kor dei bli uppalarde og kor emnelege dei er. Både mor, far og systkin hjelper dei, mest mori.

27. I gamle dagar vart det mykje brukt, truleg ålment.

28. Dei religiöse les för maten og etter maten helst lågt. Some har borni til å lesa. Dei eldste lærer fyrst og sidan dei andre. Kva tid denne skikken vart lagd burt er uråd å seia visst. Er framande til stadar, vert det mykje lese för maten og etter.

29. Kvar og ein kunde tala ~~me~~ medan dei åt, men dei måtte snakke sömelegt, og slik er det no og. Husbonden har ikkje nett nokon fyrerett soleis.

30. Det var uviskelegt, som me seier her, å læ ved matbordet. Det kunde gå an litt til ein vits.

31. Å kveda ved matbordet var og er halde for ei stor skam. Mor sa til oss: „Dei visste ikkje at mannen var galen förr han kva ~~med~~ med han åt."

32. Det vart og vert halde for fin-

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

5796

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
5796

fordskikk og venta til alle er ferdige;
men er det berre hùslyden ~~er~~ det
ikkje so nöye.
33. Det vert sjeldan brùka no.
34. I gamle dagar sa dei: Gud
signe maten. Men denne fine
skikken er no avlagd.
35. Dei stelte helst mat til han
etter på, og slik er det no og.
36. Det bli oftast stelt til mat
for han.
37. Oftast får han traktement
av mat og drikke. Slik har det
vore og slik er det.
38. Ein kopp kaffi får omlag alle
som kjem. Kaffikjelen står ikkje
på omnen heile dagen lenger avdi
kaffien bli vond.
39. Er det kaldt får han mat på
kjökenet visst ikkje er det i kam-
merset. Ein gjest skal helst
ha ein til selskap medan han
et. Det bli då helst hùsfaren
er det mannsperson og hùsmori
når det er kvinne. Er det ein
ùngdom helst ein av borni.
40. Før var det slik at dei måtte
bjo og nöye maten i folk; men
dette er no mest heilt slutt.
41. Ein gjest skal hava selskap
medan han et. Hùsfaren eller
hùsmori sit gjerne og held han
med selskap og ser etter at han
ikkje vantar noko.

5796



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING